



Digital samfunnsdialog

Innspel til ny samfunnsdel – 11.03.21



ALVER
KOMMUNE



Innhald

Innleiing og metode	3
Korleis verkar verktøyet?.....	3
Alle innspela – så langt.....	4

.....

Innleiing og metode

Verktøyet «digital samfunnsdialog» blei utvikla våren 2020 i samarbeid med Avinett. Målet vårt var å etablere ein digital kanal, som innbyggjarane kunne bruke for å få ein dialog med oss som jobbar med samfunnsutvikling i Alver kommune. Målet var å seinke terskelen for å ta kontakt. Det var difor viktig at han vart enkel i bruk.

Vi opna den digitale samfunnsdialogen under medverknadsperioden til kommuneplanen. Innspela vi har fått hittil blir brukt som kunnskapsgrunnlag til denne planprosessen, men kanalen skal leve vidare også etter denne perioden.


Vi held med andre ord fram dialogen med innbyggjarane våre i denne kanalen.

Korleis verkar verktøyet?

- Enkel i bruk
- Verkar likt på mobil og PC
- Kategorisering etter behov
- Stadfesting
- Digital dialog (e-post, SMS)
- Innsendar kan velje om han/ho ønskjer svar på innspelet sitt
- Open kanal til samfunnsplanleggjarar
- Informasjonsdeling (sjå andre inspel)




Alle innspela – så langt



Kart	Innspel	Svar
	<p>Foreslår ny gang- og sykkelvei fra Isdalstø og opp til Knarvik. I dag er det ikke plass til både gående og syklende, og i tillegg går all trafikk rett ved siden av oss. Det er ubehagelig å gå og sykle på veien slik det er nå. Tror mange flere ville ha tatt bein og sykkel fatt dersom vi hadde fått en bredere og skjermet gang- og sykkelvei.</p>	<p>Takk for innspel! Denne strekninga er viktig for syklande i Alver. Den vil inngå i hovudnettet for sykkel som kommunen arbeider med å definere. Hovudnettet går mellom viktige målpunkt, og bør ha høg standard. Som du påpeiker, er ikkje standarden god nok mellom Isdalstø til Knarvik. Det er ikke knytt midlar til realisering av hovudnettet for sykkel enda, men traseane i hovudnettet vil bli prioritert ved tildeling av tilskot for gang- og sykkelveg. Med venleg helsing, Kaia Marie Amland v/ Plan og analyse, Alver kommune</p>



	<p>Foreslår skjerming av gang- og sykkelvei. Dette er en høyt trafikkert vei og det føles som at man går ved siden av en motorvei slik det er per dags dato. Jeg tror flere hadde hgått og syklet dersom gangveien var skjermet for motorstøy.</p>	<p>Takk for innspill! Som du påpeikar, er det ikke attraktivt å gå langs ein bråkete og høgt trafikkert veg. Kanskje bør det tilretteleggast for sykling på ein parallelleveg. Denne strekninga er viktig for syklende i Alver. Den vil inngå i hovudnettet for sykkel som kommunen arbeider med å definere. Hovudnettet går mellom viktige målpunkt, og bør ha høg standard. Det er ikke knytt midlar til realisering av hovudnettet for sykkel enda, men traseane i hovudnettet vil bli prioritert ved tildeling av tilskot for gang- og sykkelveg.</p>
	<p>Kyststi fra Isdalstø til Alversund, som alternativ til å måtte gå langs hovedvei</p>	<p>Takk for innspill! Kyststi mellom Isdalstø til Alversund ligg inne i Kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen 2019-2032. Kyststien er planlagt å gå frå Knarvik til Alversund bru. Det er knytt krav om detaljregulering til Kyststien. Det vil seie at før nokon kan byggje noko nytt langs kysten, der Kyststien er teikna inn i plankartet, så må det lagast ein meir detaljert arealpla for Kyststien. Meir informasjon om Kommunedelplan for Knarvik Alversund, som Kyststien er ein del av, finn du her: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/ Meir informasjon om kyststien finn du her: https://asplanviak.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=a2455732495148928de23d808c083515 Med venleg helsing, Kaia Marie Amland, v/ Plan og analyse, Alver kommune.</p>



	Betre sykkelveg over Hagelsundet. Treng ny asfalt og breiare veg slik at to syklar kan passere kvarandre.	Takk for innspill! Betre sykkelveg er underplanlegging i forbindning med ny E39 mellom Flatøy og Eikefjordtunnelen. Meir informasjon om planarbeidet finn du her: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Planlegging/Utvalgte-planar-under-arbeid/ Med venleg helsing, Kaia Marie Amland, rådgjevar ved Plan og analyse, Alver kommune
	Viktig å leggja til rette for hotell i samband med Meland Golfklubb på Fløksand. Det vil kunne gje eit stort løft for reiselivsnæringa, i og med at ein då kan få eit skikkeleg overnatningsalternativ i denne delen av kommunen, i samband med ein av dei viktigaste attraksjonane vi har, nemleg Meland Golbane.	
	Gang- og sykkelveg frå Nese ned Rydlandsåa og Kleivane, over Vågabrua, og vidare på Vødlane frå skulen til Seim bru.	
	Her er det ein fin sti langs fjorden mellom Skarpeneset og Fureskjegget. Den kunne med fordel blitt skilt og tilrettelagt med litt grus og klopper. Treng og off.	



	parkeringsstilbod	
	Sti/gammal bygdeveg mellom Fureskjegget og Gaustad. Kunne blitt skilta og tilrettelagt for gange og sykkel	
	Lokal "småtur" med stor verdi for å ta i vare historia om eit karrig fangst og småbrukarliv. Eit vegfar til denne haugen vil bidra til kunnskap om fangst og fiske, då haugen er ein observasjonsstad for innsig av fiske som sild, makrell og andre. Kulturplan må ta opp i seg slike enkel tilrettelegging med vegfar, tilrettelegging og informasjon. Det siste gjerne som QR-markering med digitalt materiale for smarttelefon.	
	Urlekleiva er eit gløymd vegfar. Turstien som nyttar den gamle ferdslevegen frå Manger til Byrkjelandsvågen har start/stopp ved Toskavegen. Den går fra gamalt av ned til Mangerspollen og opp den oppmurde Urlekleiva til Kyrhovden ved Manger skule. Som turveg kjem urlekleiva fram att og vert eit synleg kulturminne. Enkel tilrettelegging,	



	<p>skilting og informasjonsmateriell krevst.</p>	
	<p>Unikt naustmiljø i Mangersvågen. Det unike naustmiljøet er i ferd med å kverva bort, slik det er kan det enno bergast. Ein plan for kultur må innehalde dette området og ein kultursti fra Manger kai til Gamlekaien innerst i Mangersvågen er turvande for å få fram verdien i naustmiljøet. Bruk er det beste vern, her vert ting gløymde bort av naturen si overtaking. Det unike i områdene er at det er bruk av Manger kai og historia kan forteljast attende til mellom anna at havforskinga har si vogge her. Michael Sars nyttar prestestøa som utgangspunkt for si forsking i havet, Ein stad i verda alle som driv med havforsking veit om, må ikke kverva bort. Alver kommune har ansvaret for denne arven. 50 internasjonale havforskjarar var i 2019 og tok staden i augesyn på si studiereise.</p>	<p>Takkar for innspel. Kulturminneplanen frå Radøy kommune vil vera eit godt grunnlag for den vidare planlegginga. Det er viktig at desse perlene vert vurdert nøyne i høve til arealbruk m.v. Alver kommune heldt no på med ny samfunnsdel til kommuneplan og deretter vil det koma ny arealdel. Følg med ! Tips : www.vårtalver.no</p>



	<p>Lykke til med å bygge framtidens Alver! hilsen en liten kommune i sør. https://www.tvedestrond.kommune.no/</p>	<p>Hei ! Takker for det ! Vi håper å utvikle denne videre til å bli en digital kanal inn til oss på samfunnsutvikling. Dette er tenkt som en åpen dialog på tema vi på plan jobber med, og at stedfesting og data kan gi oss et godt kunnskapsgrunnlag tilskudd i planleggingen. mvh Rolf Raknes Fagansvarlig Plan og Analyse Alver kommune.</p>
	<p>Farleg for elevar på sykkel</p>	<p>Takk for innspel! Denne strekninga er viktig for syklande i Alver. Den vurderast inn i hovudnettet for sykkel som kommunen arbeider med å definere. Hovudnettet går mellom viktige målpunkt, og bør ha høg standard. Trafikksikring for skuleelevar er høgt prioritert i utbetringa av hovudnettet. Det er ikkje knytt midlar til realisering av hovudnettet for sykkel enda, men traseane i hovudnettet vil bli prioritert mellom anna ved tildeling av tilskot for gang- og sykkelveg. Med venleg helsing, Kaia Marie Amland v/ Plan og analyse, Alver kommune</p>
	<p>Utvide gang- og sykkelvei ved å henge ekstra felt på utsiden av mur slik at det er mulig å passere 2 syklende/gående samtidig. Når det er snø blir ikke denne delen brøytet fordi det er for smalt for maskinen de brøyter/strør med.</p>	<p>Takk for innspel! Denne strekninga er viktig for syklande i Alver. Den vil vere del av hovudnettet for sykkel som kommunen arbeider med å definere. Hovudnettet går mellom viktige målpunkt, og bør ha høg standard. Som du påpeikar, er gang/sykkelvegen for smal her. Det er ikkje knytt midlar til utbetring av hovudnettet for sykkel enda, men traseane i hovudnettet vil bli prioritert mellom anna ved tildeling av tilskot for gang- og sykkelveg. Med venleg helsing, Kaia Marie</p>



		Amland v/ Plan og analyse, Alver kommune
	Smal uoversiktig skuleveg	
	Savner gangfelt over fylkesvegen ved barnehagen på Leknes	
	Alle hovedtema som samfunnssdelen skal behandle må vera lista opp i temaoversikta på førehand. No ser innspeloversikta veldig merkeleg ut fordi det nesten berre er tema innanfor kulturmiljø, sykkel, til fots uteom som det er kome innspel til. T.d. har gjeldande samfunnsplan (Lindås) følgjande hovedtema: Regionsenterutvikling, Industri og næring, attraktive nærmiljø, kultur og frivillig arbeid, klima og miljø, livsmeistring og fellesskap, kommunale tenester, samfunnstryggleik og beredskap. Elles lurer eg på korleis planoppstarten av samfunnssdelen til kommuneplanen for Alver er kunngjort. Eg har etter	Takk for innspel! Denne kanalen (adaptiv samfunnsdialog) er ikke kun knytta til arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, men er ei ope kanal inn til oss som jobbar med ulike planar innan samfunnsutvikling i Alver. Så flott at du har sett plakatane våre! Oppstart av planarbeidet blei kunngjort på kommunen sin nettside og i lokalavisar våren 2020. Frå september 2020 til februar 2021 har vi arbeida med medverknad, og vore interessert i å høyre kva folk er opptatt av, kva er bra, kva må vi ta vare på, kva er ikkje bra, og kva retning vi skal utvikle samfunnet vårt i. Frå mars til juni skal politikarane jobbe med samfunnssdelen. Vi planlegg å leggje forslag til samfunnssdelen på høyring i juni. Dette vil bli kunngjort på kommunen sin heimeside og i lokalavisar. Då er du velkommen til å kome med innspel. Med vennleg helsing, Line Thuen Waage, prosjektleiar for



	<p>nyttår sett nokre plakatar rundt om i butikkar og senter, men ikkje noko om dette sentralt på på framsida av Alver si heimeside eller sendt til lag og organisasjonar for vidareformidling til sine medlemer???</p> <p>Planprosessar rundt kommuneplanarbeidet har strenge krav til kommunen når det gjeld å kunngjera oppstart av planarbeidet, høyring av planprogram, høyring av planframlegg og kunngjering av endelig plan slik at alle som planen berører skal ha hatt god mulighet til å koma med innspel og påverka planarbeidet og bidra til eit godt resultat.</p> <p>Helsing Nils Kvalvågnes</p>	kommuneplanen sin samfunnsdel
--	--	-------------------------------